



[Mottakernavn]  
[Adresse]  
[Postnr] [Poststed]  
[Kontakt]

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Nina Marie Aas, 61 26 60 39

## Høring - søknad om løyve etter forureiningslova - etablering av krematorium for smådyr/kjæledyr - Lom kommune

**Innlandet Smådyrkrematorium AS søker om løyve etter forureiningslova for etablering av krematorium for smådyr/kjæledyr på Skjæsarøye 9.**

**Vi ber om at Lom kommune legg saksdokumenta ut til offentlig ettersyn på servicetorget og på kommunen si internettside. Statsforvaltaren vil leggje dei ut på eigen side, og sørge for kunngjering i lokal avis.**

**Innspel og kommentarar til søknaden kan sendes til Statsforvaltaren. Frist for innsending er fredag 23. august 2024.**

### Søknaden

Innlandet Smådyrkrematorium AS søker om løyve for drift av krematorium for smådyr i Lom kommune. Anlegget skal halde til i eit nytt bygg på Skjæsarøye 9. Området er regulert for industri og verkstadverksemder. Anlegget vil handtere smådyr/kjæledyr, ikkje større husdyr eller vilt. Det vil bli aktuelt å sette krav til driftstid og tal på kor mange kremasjonar i året verksemda kan gjennomføre.

### Utslepp til ytre miljø

#### 1. Utslepp til luft og lukt

Verksemda vil medføre utslepp til luft, de skal nytte ein forbrenningsomn tilpassa formålet. Søker beskriv at det kan førekomme lukt frå handtering av kadaver, det er vidare beskrive tiltak for å unngå dette.

#### 2. Utslepp til vatn

Verksemda vil ikkje ha utslepp til vatn frå sjølve kremasjonsprosessen. Vaskevatt knytt til vask av klede og utstyr skal, etter opplysning frå søker, til kommunalt avlaupsnett.

#### 3. Utslepp til grunn

Verksemda vil lagre drivstoff i tankar.



#### 4. Utslepp via avfall/oske

For felles kremering leverast oska til det lokale renovasjonsselskapet for videre deponering. Anna oske skal attende til dyreeigar.

#### Dykk kan sende innspel eller merknader til søknaden

Vi ber om at eventuelle innspel vert sendt til Statsforvaltaren i Innlandet innan **fredag 23. august 2024** på e-post: [sfinpost@statsforvalteren.no](mailto:sfinpost@statsforvalteren.no), eller per post: Postboks 987, 2604 Lillehammer.

#### Informasjon om vidare saksgang

Etter at Statsforvaltaren i Innlandet har fått innspel, vil søkjer få moglegheit til å gje attendemelding på desse. Deretter vil Statsforvaltaren utarbeide eit utkast til utsleppsløyve og varsle eit vedtak. Dette vil gå i kopi til kommunen og andre som har sendt innspel. Deretter vil Statsforvaltaren fatte vedtak om utsleppsløyve.

Med helsing

Marie Skavnes (e.f.)  
avdelingsdirektør

Nina Marie Aas  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjentVedlegg:

- 1 Søknad om utslippstillatelse T Lund Sladdet.pdf
- 2 1 - Utsnitt reguleringsplan Prestøya-Gjeisarøya.pdf.PDF
- 3 2- Vedtak- Ett-stegs søknad - Nytt lagerbygg - Skjæsarøye 9.pdf.PDF
- 4 3 - Reguleringsføresegner Prestøya-Gjeisarøya (2002).pdf.PDF
- 5 4 - Addfield-PET200-Pet-Crematorium-Machine-Datasheet-1.pdf.PDF
- 6 5 - Declaration Certificate PET200.pdf.PDF
- 7 6 - HACCP ABP site.pdf.PDF
- 8 7 - PET200 Sound Levels.pdf.PDF
- 9 8 - PET200 Emissions.pdf.PDF
- 10 11 - Comments to planning authority regarding odour.pdf.PDF
- 11 12 - Notat i samband med etablering av smådyrkrematorium.pdf.PDF
- 12 13 - Kartvedlegg 1-10000 (A3).pdf.PDF
- 13 14 - Smådyrkrematorium-Vedtak-Ett-stegs-søknad-Nytt-lagerbygg-Skjæsarøye9.pdf.PDF

Mottakerliste:

T. LUND EIENDOM	Skjæsarøye 6	2686	LOM
Lom kommune	Sognefjellsvegen 6	2686	LOM
BETONG ØST AS AVD LOM	Postboks 1223	2206	KONGSVINGER
FLÅKLYPA MASKIN AS	Sognefjellsvegen 894	2686	LOM
GJEISAR MASKIN AS	Gjeisarbakken 4	2686	LOM
RULER AS	Gamelvegen 3	2686	LOM
Thor Anders Hagen	Læsvegen 1	2686	Lom
Berit Ingebjørg Hagen	Læsvegen 1	2686	Lom